

HYRDINGEN

NR. 1

Februar 2019

ÅRGANG 61

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Saman med nye medarbeidarar på kyrkjetrappa i Sandeid:

Frå venstre: den nye soknepresten Tsegayesus Hurisa Hunde, prost Rune Steensnæs Engedal, soknerådsleiar Tore Tokheim, sokneprest Kari Vik Stuhaug. Les meir om dette side 5 - 8.

Hjelp oss å gje
ut kyrkjebladet
Hyrdingen

VIPPS nummer:

53 14 72

Kateketen har ordet	2
Underskot vart snudd til overskot	2
Redaksjonspennen	3
Min song	3
Ny julekrybbe i Ølen	3
Leirar og konsertar	4

Irsk folkemusikk og tango i kyrkja	4
Avskil i fred og i lovsong	5
Sokneprest med klår bodskap sluttar av	6
Varm velkomst til ny prest	8
Omsorgs- og inkluderingsprisen	8

Støtteannonser	9
Gudstenester	10
Frå kyrkjeboka	10
Møte og arrangement	11
5. klasseleiren	12
Ny Biskop	12



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
VIPPS nr 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhau
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhau@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Mobil: 905 23 560
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkje kontor
Kyrkjevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Torsdag 9 - 15

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeveerja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:
Brit Nelly Ness Tveit
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Grete Skeie Sørhus

Kateketen har ordet

Av Britt Karstensen, kateket



«OG JULA VARER HEILT TIL PÅSKE»

Slik song dei i gamle dagar. No for tida varer vel jula knapt til jul, og i alle fall ikkje til påske!

«Kvifor snakkar de alltid om den same forteljinga i kyrkja?» - spurte ei jente meg ein gong. Kvar gong ho hadde vore til gudstjeneste så var det den same historia – den om då Jesus blei fødd. Hadde me ikkje andre historier? Me fant jo ut då, at jau det var no helst berre på julaften ho gjekk i kyrkja... og då var det kanskje ikkje så rart at det var same historia kvar gong.... Men flott er det jo, at gudstjeneste var del av julefeiringa hennar, og at ho faktisk hugsa kva det blei snakka om!

Eg har tenkt litt etterpå. Eigentleg har ho jo litt rett. Og godt er det! Sjølv sagt har me mange forteljingar, men alle handlar til sjuande og sist om dette store, flotte, fantastiske, forunderlege: at Gud elsker oss så mykje at han sende Sonen sin til jord for at me skulle få vera i lag med Han, no og for alltid.

Sånt sett så varer jo jula heilt til påske – og påska varer heilt til jul igjen. Både julebodskapen om Gud som kjem til oss og tar bustad iblant

oss, og påskebodskapen om Jesus som vinn over døden og alt det vonde ein gong for alle. Begge gjeld for oss alle kvar einaste dag. Uansett om det er snø, holkeføre, regn og julestjerner i vinduskarmen, eller heitebølge, strålende sol, badetemperatur og solsikker langs husveggen. Anten dette skildrar vêret rundt oss, eller dagsforma inni oss, så er Gud den same. Bodskapen er den same. Gleda og freden gjeld året rundt.

Me nærmar oss fastetid (- og dei som kan songen veit jo det!). Fastetid minner oss om å ta eit pusterom frå alt me stressar med og leggje vekk ting som stel tid og merksemd frå det som er viktig. Kanskje fastetida di i år kan ta deg inn i fleire forteljingar om Jesus? Kanskje den kan hjelpe deg til å sjå medmenneska dine slik som dei blir sett av ein kjærleg Gud? Kva må du leggje vekk for å kunne fokusere på det viktigaste? (Det er ikkje sikkert det er sjokolade som er den største utfordringa i så måte...)

Også er det jo ikkje feil å gå i kyrkja andre gonger enn på julaften heller då. Det er gudstjenester i Vindafjord året rundt. Du er velkomen!

Underskot vart snudd til overskot

Av Steinar Skartland

I dette nummeret av Hyrdingen har vi lagt inn eit ark med bankgiro nedst. For at vi skal kunna koma ut med kyrkjebladet til alle husstandane i Vindafjord og i tillegg senda det ut til om lag 100 som bur utanbygdes, er vi heilt avhengige av bladpengane. Vi spør om kr 275,- frå kvar husstand, i Vindafjord og kr 350,- for abonnentar andre stader, men du står fritt til å betala inn eit anna beløp.

Du kan nytta bankgiro konto 3240.11.17937, eller du kan nytta VIPPS nr 53 14 72.

Gjennom mange år har økonomien vore tilfredsstillande, men dei siste to-tre åra meir utfordrande. Difor var vi i fjor sommar litt fortvila når vi såg sterk nedgang i inntektene og vurderte å redusere talet på utgåver. Det vart sett i gong ein aksjon med oppfordring til både bladpengar, gåver, kyrkjeoffer og støtteannonsar.

Nå kan vi takka for flott respons. Eit forventet underskot vart snudd til pluss utover hausten. Rekneskapen for 2018 syner utgifter på kr 169.300 og samla inntekter kr 176.832. Dette resulterte i eit overskot på 7.532, som dermed veg opp litt for resultat dei to førre åra.

Redaksjon og styre rettar ei stor takk til alle som støttar opp om bladet!

Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

Både dette nummeret av Hyrdingen og det førre har mykje stoff knytt til skifte av sokneprestar. Vi ynskjer Kristian Kyllingstad og Tsegayesus Hurisa Hunde velkomne til teneste i Vindafjord og sender ei takk til Harald Eintveit og Jon Ådnøy som har avslutta si teneste her.

Eit val-år

I snart fire år har sokneråda gjort si teneste. Me set stor pris på kvar og ein som har stilt opp. Nå er igjen spørsmålet – kven vil vera kandidat til soknerådsvalet i år? Nokre kan nok tenkja seg å ta på ein ny periode, andre vil ta eit steg til sides slik at nye kan få sleppa fram og få vera med i leiinga av våre lokale kyrkjer. Vil du melde deg til teneste i di bygd? Kyrkja treng deg!

Sjølv om valet ikkje er før i september, så er det nå sokneråda jobbar med å få på plass vallister.

Kyrkjevalet er to val

Samstundes lokalvala skal folket også røysta på representantar til Stavanger bispedømmeråd. Nominasjonsarbeidet pågår mellom både leke og kyrkjeleg tilsette. D.n. kyrkja har ved dei siste vala vore delt i to leirar, men vi vonar at dei som stiller til val framover kan samarbeida for å byggja ei god kyrkje for alle medlemmer, der trua på Jesus er det som bitt saman.

Ny biskop

Så er det avgjort og vi kan ynskja Anne Lise Ådnøy velkommen til teneste som biskop i Stavanger bispedømme. Mange kjenner henne alt som fungerande biskop i ein lengre periode. Ho er kjend for å ha gode, brubyggjande evner og ei god forkynning. Det trur vi blir viktig. For i prosessen var kyrkja delt. Det var Helge Gaard som fekk størst oppslutnad i bispemøtet og i bispedømmerådet, men Kirkerådet avgjorde valet av Ådnøy med 8 mot 6 røyster.

Utfordringa er at dei som har brukt tid på å setja seg inn i saka og kandidata sine referansar, og tilrådd ein annan kandidat, kan kjenne seg overkøyrde. Leiaren i Stavanger bispedømmeråd uttalte i media at folk kjende seg maktelause og ho var redd for at fleire ikkje gidde å engasjera seg i kyrkja lengre.

Då treng biskopen gode brubyggjande evner, og kyrkja at medlemene stiller opp og engasjerer seg for hovudsaka: Jesus, som vår frelsar.

MIN SANG

Av Silje Koltveit

Jeg heter Silje Koltveit og bor i Øvre Vats. Jeg valgte denne sangen fordi den sier noe om Guds storhet og han skapte jorden. Samtidig elsker han oss så høyt at han døde for all verdens synd, og stod opp igjen etter tre dager. Dette er en gave som det står om i Johannes 3.16: For så høyt har Gud elsket verden at han gav sin Sønn, den enbårne, for at hver den som tror på ham ikke skal gå fortapt, men ha evig liv. Dette er en helt gratis gavepakke som Gud



har ordnet for å gjenopprette forholdet mellom Gud og mennesker. Så er det opp til oss å ta imot eller ikke.



Jesus å Jesus jeg priser deg Guds Sønn.
Du er hellig, du er ren.
Du er skaper av jorden og veldig Gud.
Majestet i herlighet.
Du har kronet oss med din kjærlighet.
Evig Gud, evig Far.
Du gav ditt liv i vårt sted .
For å skape fred, fred med deg Gud.
Jeg gir mitt liv til deg, fordi du elsker meg.
Jesus å Jesus jeg priser deg Guds Sønn.

(Tekst: Silje Koltveit)

Ny julekrybbe i Ølen kyrkje

Av Kari Vik Stuhaug

Den gamle var laga av dorullar og hadde sett sine beste dagar. Det var difor veldig kjekt å ta i bruk ny julekrybbe i Ølen kyrkje til jul. Ølen skule hjelper kvart år til med å laga stjerner og englar som heng på ein høg mørk himmel over julekrybba. Det er me veldig glade for.

Ein rask innsamlingsaksjon via Facebook og vipps gjorde det mogeleg å kjøpe julekrybba. Takk til alle som gav! Men det dekte ikkje alle kostnadene og soknerådet er takksam for fleire bidrag. VIPPS 11 11 71 merk JULEKRYBBE.



Leirar og konsertar

Leir med FamilieKRIK

Det blir ski-weekend for heile familien på **Gullingen 15.-17. mars 2019**. Her er alle familiær hjarteleg velkomne. Om de har vore med på KRIK før eller ikkje, spelar ikkje noko rolle. Her blir det snøleik, aking, pølsegrilling og skigåing for dei som vil. Det blir samlingar for heile familien med song og andakt, filmkveld for dei eldste ungane og god moglegheit for å vere sosial både med eigen familie og andre. Dei som ynskjer det kan også ta ein tur i skitrekktet. Her blir det påfyll for kropp og sjel- årets KRIK-happening rett og slett!

Påmelding innan 4. mars til:
brekkeaudi@hotmail.com

FamilieKRIK våren 2019

- Sondag 28. april: Samling ute, truleg saman med familiespeidarane. Tidspunkt kjem.
- Laurdag 11. - søndag 12. mai: Telttur på Refsnes
- Sondag 16. juni: Skjold Arena (eller ute dersom fint ver), 16.30-18.00

PS: Om du ikkje bur i Skjold, er du jamvel like velkommen! Dersom du bur i slik avstand at det let seg gjera å koma til Skjold for ei KRIK-samling, så er du hjarteleg velkomen! Her er det plass til alle.

Brandøy misjons og konferansesenter

Leirdatoar våren 2019++ på Brandøy:

- Brandøytreff 22. - 24. februar
- Tweens-weekend for 5. - 7. klasse 8. - 10. mars
- Juniorhelg for 4-9 år med følge 22.-24. mars
- Påskefestival for 8 klasse + 12. - 16. april
- Vårtreff 29. april - 2. mai
- Dugnadshelg 10. - 11. mai
- Sommarminileir for 2.-4. kl. 25. - 27. juni
- Sommarleir for 5. - 7. klasse 27. - 30. juni

Påmelding og informasjon finn du på:
indremisjonssamskipnaden.no
Menypunkt: Leir, eller på tlf. 53 41 07 04

«Amazing Grace»

- meir enn ein konsert

Folk i bygdene er invitert til gospelnight i Skjold Kyrkje 23. mars. Dette blir ein kveld med god gospel frå prosjektkoret, vakre solosongar og allsong. Publikum skal i tillegg få flotte visuelle opplevingar med bilete og dans. Felles for alt er eit fokus på Jesus. Dei som ynskjer det skal også få høve til å bli bedt for. Vi håper at folk frå alle bygder tek turen denne kvelden, og at vi får ei god oppleving i ei fullsett kyrkje. Ein kopp med varm drikke og nokre gode ord ventar på deg når du kjem. For komiteen: Hanne H. Brekke. Arr. G17.

Irsk folkemusikk og tango i kyrkja

Av Ølen sokneråd v/ Kari Vik Stuhaug

Det har blitt større variasjon i dei songane me no finn i salmeboka. Det er det fint å gjera seg kjent med! **Tysdag 12. mars kl. 19.30** får me hjelp av **Jan Husebø på gitar/bass, Lena D. Husebø på fiolin og Kjell Ravatn på fløyte/gitar** til å setja fokus på nyare salmestoff frå vestleg tradisjon i ein songkveld i Ølen kyrkje. På dei britisk øyane var det lenge ein rik kristen tradisjon der forholdet til naturen stod sterkt, og framleis gir denne keltiske tradisjonen sine impulsar til nabolanda. Deg å få skoda er ein song som er godt kjend. Ein av melodiane som Sveinung Bjel-land song på juleplata til Grannar for nokre år sidan står i salmeboka med ein annan tekst. Me vil også venda blikket endå lengre vest og plukke opp latinamerikanske rytmar. Mange

bedehussongar har gått i valsetakt. No går nokre av songane i salmeboka i tangotakt. Me håpar mange som likar at det har blitt større mangfald i salmeboka nyttar høvet til å opp-dage dette.

Salmekveldar blei igjen eit tilbod i Ølen kyrkjelyd i 2018. To-tre kveldar per semester stiller organist og prest i kyrkja og opnar salmeboka for å synga saman med dei som kjem. Me syng gamle salmar og nye salmar. Dei som kjem får ønska seg salmar å synga. Me fokuserer gjerne på eit tema i høve til kyrkjeåret, årstidene eller anna. Ønsket er at salmekveldane også kan bidra til å fornye salmesongen i gudstenestene. Salmekveldane blir kunngjort på nettsida www.vindafjord.kyrkjer.no, på Facebook Kyrkja i Ølen og Bjoa og ved oppslag. Alle er velkomne.



Jan og Lena D. Husebø.



Kjell Ravatn.

Prosjektkoret presenterer

Amazing grace

GOSPEL-NIGHT

i Skjold kirke

Carina Dagny Tysvær
Dansegruppe
Allsang

23

mars
kl. 19:30

Voksen/barn/100/50

Arr. G17

Avskil i fred og i lovsong

Av Steinar Skartland

**Det var duka for fest på bygda-
huset, men først skulle Harald
Eintveit leia si siste gudstenes-
ta som soknepresten i Vikedal.
Mange hadde teke turen til kyrkja
og salmesongen lydde kraftig frå
både kyrkjelyd og prest. Prost
Rune S. Engedal heldt ein liten
tale der han m.a. minna om ordi-
nasjonsløftet og at Eintveit gjen-
nom tenesta si hadde utført eit
godt kyrkjeleg og samfunnsmes-
sig oppdrag.**

Med preiketeksten frå Simeons lovsong, der Simeon fekk sjå Jesus boren til tempelet, trekte Eintveit linja attende til då han sjølv i 1980 heldt øvingspreike over Marias' lovsong i Fagerborg kyrkje. -Lovsong er gudsteneste og gudsteneste er lovsong, sa presten som er kjend for å kunna leia salmesongen med si kraftige og djupe røyst, følgd opp med djupe og klåre refleksjonar over preiketekstane. Så også denne dagen.

-Avskil i fred og i lovsong, sa presten om Simeon. Han tala om Jesus og om Guds fred som varar både tankar og hjarto, forpliktar oss til fellesskap og forsoning med våre medmenneske og skaper hjartefred. Freden med Gud som skaper landefred og hjartefred. -Fyrst då mine venner, er det tid for lovsong, sa Eintveit og stemde sjølv i med ein lovsong til avslutting. Slik enda han si siste preike som sokneprest i Vikedal, med avskil i fred og i lovsong.

Avskilsfest på bygdahuset.

På bygdahuset var det duka til fest etter gudstenesta og mange ville vera med både for å takka sokne-



Avskil i fred og i lovsong, som sokneprest i Vikedal. Sokneråda og medarbeidarar ville takka for tenesta. Andreas Andreassen gav eit måleri i gåve frå sokneråda i Vikedal, Imsland og Sandeid.

presten for tenesta med ord og gåver, og for å markera at det var ein dei sette pris på som nå gjekk over i pensjonistane sine rekkjer. Flotte kulturelle innslag var her også. Ein som imponerte var ungguten Vebjørn Blikra som sette seg til pianoet og heldt ein minikonsert av høg klasse, med m.a.: Für Elise av Beethoven. Seinare i programmet fekk Lydia Haugland Helland framføra fleire songar ho hadde dikta sjølv. Også Harald Eintveit måtte til pers og song duett saman med majoren frå frelsesarmeen i Sauda.

Talelista vart lang og det vanka både gåver, godord og mange minne frå prestetenesta i indre del av Vindafjord. Mange har minne frå konfirmantleirane på Eintveit i Åkrafjorden. Presten hadde godt lag med ungdommen, ingen tvil om det. Men også at han var songarpresten som aldri var redd for å utfordra kyrkjelyden med meir eller mindre ukjende salmar, som dei slik fekk læra.

-Han kjem til å bli huska som konfirmantpresten og som songarpresten med forkjærleik for salmesong og fuglar, sa Andreas Andreassen, leiar i soknerådet.

Då Harald Eintveit til slutt fekk ordet, starta han med orda: -Dette var mest som julekvelden. Så mange gåver og gode ord som de har kome med. Og det er vêl fortent, alt i saman! Men kvifor har de ikkje delt desse ut over dei andre ni åra?

Så vanka både ros og ris til den eine etter den andre av dei han har samarbeida med, men alt i god meining. Soknepresten er ikkje avskremd etter åra i Vikedal, der han fekk kutta telefon og datalinjene og pålegg om å flytta til eit anna kontor etter ei tid i tenesta. Nå har han kjøpt prestebustaden og vil bli buande her i bygda vidare, men slo også eit slag for at prestekontoret i framtida må bli verande i Vikedal. Nærleiken til folket i kyrkjelyden er viktig for soknepresten.



Ein smilande sokneprest emeritus tok i mot gode ord, musikk og gåver frå unge og eldre. Varaordførar Steinar Skartland repr. kommunen. Tidl. ordførar Oddvar Haugland og Reidun Hedetoft var på talelista. På piano: Lydia Haugland Helland.



Sokneprest med klår bodskap sluttar av

Av Trygve Sandvik

Harald Eintveit slutta av sokneprestgjerninga si i Vikedal, Sandeid og Imsland med avskiltsfesten på Vikedal bygдахus søndag den 30. desember 2018. I ni og eit halvt år var han sokneprest i dei inste bygdene i Vindafjord. Før den tid var han sokneprest i 25 år i Tinn i Telemark, og i alt har han 39 år bak seg i presteyrket. Når han no sluttar av som sokneprest, har han så visst ikkje sagt heilt farvel til prestetenesta. Då biskopen under avskilssamtalen nyleg spurde han om han kunne tenkja seg å vikariera i bispedømet, sa han: «Eg står gjerne til disposisjon, dersom de har bruk for meg.»

Ein markant prest

Harald Eintveit har på mange måtar sett spor etter seg i sokna. At han ikkje kunne akseptera kontorlokala som kommunen tilbød han etter ei tid i tenesta, var ei sak for seg. Stort betre vart det ikkje at han vart fråkopla både telefon og data på kyrkje-kontoret slik at han måtte finna seg i bruk av privat datautstyr, og seinare ei provisorisk løysing frå kommunen. Men bispedøme-administrasjonen og andre offentlege organ stod på i

forhandlingar overfor fellesrådet og kommunen med krav om ei normal løysing i denne saka.

På det åndelege området har Harald vore mykje oppteken av at forkynninga frå preikestolen skulle koma ut til folket. På ein sommarsundag for eit par år sidan i ei kyrkje i Vindafjord der han vikarierte for ein annan prest, var det så godt som ingen tilhøyrarar. I tillegg hadde han opplevd ein temmeleg laber gudstenesteoppslutnad i fleire andre kyrkjer i ferien. Dette fekk soknepresten til å stilla seg spørsmålet: Kva nytte hadde det å stå og snakka til tome kyrkjebenker?

Resultatet av dette vart ein lang avis-kronikk i Haugesunds Avis fem dagar seinare. I kronikken manar Harald Eintveit familiane til å slutta opp om gudstenesta på sundagen, ettersom han meiner gudstenesteoppslutnaden bør koplust til heimen si kristenrolle. Skal kyrkja i komande dagar vera levande og meningsberande, må det oppstå ein renessanse i familiefunksjonen, hevda han.

Harald fekk fleire positive tilbakemeldingar på denne artikkelen, og han rørte ved eit emne som altfor få er viljuge til å gjera noko med.

Konfirmantleir på Eintveit

Harald Eintveit har også vore mykje

oppteken av at ungdomane må få kunnskap om Bibelen og evangeliet slik at dei får læra kva kyrkja står for. I Tinn var det ei fjellkyrkje der konfirmantane var samla til helgeleir (fredag – søndag), der presten og konfirmantane lærde kvarandre betre å kjenna gjennom aktivitetar av ulike slag. Leirarbeid scorar høgt hjå konfirmantar. Det er det forska på, seier Harald. Sjølv om han visste at Brandøy låg vel til rettes for den slags, fekk han lyst til å prøva ut tanken om konfirmantleir på heimegarden Eintveit i Åkrafjorden. Konfirmantleirane har i alle år etter at Harald kom til Vindafjord, vore på Eintveit, og ungdomane har fått vore med på fjellturar, fisketurar på fjorden, festkveldar, naturstiar, kåseri med ulike tema, undervisningstimar, samt lek, lått og løye. Leirane har alltid vorte avslutta med familiegudsteneste på sundagen, og konfirmantforeldre og alle andre har vore innbedne. Mange gode tilbakemeldingar frå både konfirmantar og foreldre har han fått, og det vert nok eit sakn for komande konfirmantar når dei no ikkje lenger får leiropphald på Eintveit.

Oppvekst, utdanning og familie

Harald Eintveit er fødd i 1951 og oppvaksen på garden Eintveit på nordsida av Åkrafjorden. Han er den

eldste av 3 sysken (3 brør). Harald gjekk alle åra på folkeskulen på Markhus. Tidlegare var det skule på Eintveit som dekkja nordsida av Åkrafjorden med unnatak av Eikemo som hadde eigen skule. Men i 1958, det året då Harald skulle byrja på skulen, vart denne nedlagd. Difor vart det båtskyss for borna på Eintveit saman med dei fire borna frå Hammarsland og dei tre borna frå Djuve.

Vidare skulegang frå 1966 vart realskulen i Skånevik, Framnes ungdomsskule og Odda gymnas, der han var ferdig i 1972. Framnes ungdomsskule var ein kristen ungdomsskule der både faren og fleire i familien hadde gått. Det frøet som vart sådd på denne skulen, var nok medverkande til det vegvalet som han seinare tok.

Etter examen artium gjennomførde han teologistudiet ved Menighetsfakultetet i åra 1972 til 1979 og gjorde unna praktisk-teologisk seminar 1979/1980. Samtidig med teologistudiet hadde han studium i filosofi ved Universitetet i Oslo.

Seinare har han teke vidareutdanning innan ulike praktisk-teologiske felt, både ved Menighetsfakultetet og ved Universitetet i Oslo og har m.a. oppnådd spesialkompetanse i praktisk teologi og presteteneste. Elles er liturgikk og hymnologi hans særskilde fagfelt. (Hymnologi = læra om salmeskattane)

Harald er gift med Norun Marie Eide frå Halsnøy. Saman har dei 3 born, 2 jenter og ein gut. I 1991 overtok han garden på Eintveit etter far sin. Faren, Johannes Eintveit, hadde drive denne frå siste del av 1940-åra til Harald overtok. Foreldra hans var dei siste fastbuande på Eintveitgarden.

Gild tid i Vindafjord, men heimstaden har han ikkje gløymt

Harald Eintveit har lika seg godt i Vindafjord. Ja, så godt har han trivest at han og kona har kjøpt prestebustaden i Vikedal, og der vil dei bu. Han har opplevd ei gild tid i prestegjeldet der sokneråda, tilsette og bygdefolk har stilt opp når det gjeld arrangement og støtte i jobben, men han skulle ønskja at bygdefolket ville slutta meir opp om den vanlege gudstenesta på sundagen. Når han tenkjer attende på prestetida i Tinn, må han nok vedgå at den vanlege



Harald Eintveit og prost Rune S. Engedal på kyrkjetrappa.

gudstenesta tidvis hadde større interesse blant folket der enn kva han har registrert her. Dette undrar han, ettersom han trudde ikkje minst lekmannsrørsla hadde større fotfeste på desse kantar. Når det gjeld Telemark, kjem dette kanskje seg av at folket der truleg er meir opptekne av kyrkja i eit historisk perspektiv der tradisjon og nasjonalkjensle med salmar, folkemusikk og høgtid stod noko høgare enn på desse trakter. Salmesongen i gudstenesta ser han på som ein stor rikdom. Songen er vår erfaring av levd liv som me i motgang eller i medgang skal få lyfta opp i samsong til den treeinige Gud, uttrykkjer han. Harald har ei kraftig og klår songstemme, og på praktikum skreiv han hovudoppgåve om professor Elias Blix som salmediktar. Sjølv har han også skrive salmar; og nokre av desse har vorte brukte utan at kyrkjelydane har fått vita om det. Han opplever det ille når folk ikkje giddar å ta del i ukjende salmar i kyrkja,- ikkje ein gong å kikka på salmetekstane.

Garden Eintveit og Åkrafjorden har stor interesse for Harald. I fjella ved fjorden ein klår haustdag går han gjerne på rypejakt eller han riggar seg til med fotoapparat mutters åleine bak ein kamouflasjebusk ein grytidleg vårmorgon for å snika seg inn på orrfuglleiken i liene over Eintveit-

stølen. I fjorden vert det av og til litt garnfiske eller hummarfangst. Heimstaden innbyr til kvile og avveksling, samtidig som den manar fram mange gode minne frå barneåra.

Husa på garden har fått ei opprusting, og her er han aldri arbeidslaus. Med jamne mellomrom er han her anten det er ferie eller han tek seg dagsturar når han har fri. Det er alltid noko som treng vedlikehald og tilsyn, og arbeidet på garden har gjeve han avkopling frå ein travel kvardag i prestetenesta. Som pensjonist reknar han med at det ikkje vert mindre tid på Eintveit enn tidlegare, tvert imot. No kan både han og kona unna seg litt meir ro enn tidlegare når dei er der inne. Det er ei stor glede for både han og kona at sonen deira som bur i Tinn med kone og fire born, elskar å vera på garden og arbeida med vøling av bygningar når han som reisande anleggsingeniør har fri frå bygging av kraftanlegg. Husa framstår i god stand med delvis ny kledning og godt vedlikehald, noko som vitnar om at her er det ikkje ein gard i forfall. Eit kongerike å koma til - ein veglaus gard som har fått det stell han fortener.

Hyrdingen vil få takka for det arbeidet Harald har lagt ned i bygdene, og me vil få ønskja han som pensjonist lukke til både i Vikedal og på Eintveit.

Omsorgs- og inkluderingsprisen

Av Steinar Skartland

På ordføraren si nyttårsmerking 6. januar vart Torstein og Solveig Haugen tildelt kommunen sin Omsorgs- og inkluderingspris for arbeidet deira for å integrera flyktningar.

Leiar i utval for oppvekst og omsorg, Gustav L. Fosse, ga følgjande grunngjeving:

- Dei har i mange år vore svært engasjerte i flyktningane og innvandrarane som bur og lever i kommunen vår. Bakgrunnen som misjonærar i Etiopia har gjeve dei god innsikt i andre kulturar og korleis det er å koma til ein annan kultur. I tillegg til deira store engasjement for innvandrarane har dei også delteke aktivt i frivillig arbeid gjennom mange år til stor glede for eldre, gjennom utkøyring av mat og kyrkjelydsarbeid, då særleg på kyrkjetunet.



Torstein og Solveig Haugen.

Torstein og Solveig har ein gard i Ølen. På den har dei delt ut jordlappar slik at innvandrarar kan få aktivisere seg med å dyrke poteter og grønsaker, slik dei er vane med frå heimlanda. Med bakgrunn frå misjonærarbeid var det naturleg for dei

å engasjere seg med integrering av flyktningar som kom til kommunen. I grunngjevinga var presentert ei lang liste med tiltak og aktivitetar som dei driv med. T.d. å ta kontakt med innvandrarar for å hjelpe dei med praktiske ting, skyss når dei treng det, invitera dei med på ulike arrangement og oppfordra andre til retta arrangement inn mot våre nye landsmenn.

- Torstein og Solveig har vore pådrivarar for internasjonalt treffpunkt på Kyrkjetunet i Ølen, dugnadsarbeid, foreiningsarbeid og utkøyring av mat til eldre, står det i grunngjevinga. - I fleire familiar er dei blitt kalla bestemor og bestefar. Med sin gjestfridom og gode omsorg har dei i år etter år arbeidd i det stille og vore til velsigning for mange. Dei er nok det som vi kan kalla kvardagsheltar som gjerne lett kan bli oversett, men som vi nå lyftar fram og vil gje ein stor takk.

Varm velkomst til ny prest!

Av Gunnar Listog

«Eg har verdas finaste namn,» sa Tsegayesus Hurisa Hunde under si fyrste preik ved innsetjingsgudstenesta i Sandeid kyrkje søndag 20. januar. Namnet tyder Jesu nåde.

Nåde tyder gratis gåve frå Gud. Å fortelja om og visa folket i bygdene her i kommunen denne gáva, det gledde han seg verkeleg til. Det var ein sprudlande, blid og entusiastisk prest folket møtte i Sandeid kyrke denne søndagen.

Låg evangeliet att i Afrika?

Slik hadde han ein gong tenkt ved



Den nye soknepresten Tsegayesus Hurisa Hunde.

ein gudsteneste då han gjekk på Misjonshøgskulen i Stavanger. Tsegayesus hadde sett seg på fyrste benk og venta full kyrkje. Det skjed-

de ikkje, og det overraska han. No håpar han at kyrkjebenkene fyllest når klokkene kallar til gudsteneste i Imsland, Vikedal og Sandeid i månadene og åra som kjem.

Glad i born

Under gudstenesta fekk 5.klassingane konfirmantbibel. Etter utdelinga gjekk han ned til dei og sa at det var berre å koma til han dersom det var noko dei las som dei ikkje skjønna. Den nyinnsette presten fortalde dei òg at han var glad i å spela fotball. Så kanskje vert det friminutt med fotballøktar når konfirmantførebuinga tek til?



Sandeid kyrkje i vinterskrud.



Presten gjev bibel til 5. klassingane.



Forbøn for Tsegayesus.



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Vi er en del av **NLMvgs**

Knapphus
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knapphus
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank
SR-BANK

joker

Vikebygd Landhandel AS


Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

GRANBERG
GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Ølen
auto

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

Euro Florist

Black Design

STELL AV GRAVPLASSER

Kontakt Avdeling Vepro

Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60

AOI

Arbeid og Inkludering

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Støtt kyrkjebladet Hyrdingen med ei annonse.

Kontakt redaktøren, tlf. 908 73 170

For bladpengar og støttegåve: VIPPS: 53 14 72

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik



FASTEAKSJONEN 7. – 9. april 2019

Noregs nest største innsamlingsaksjon er når konfirmantar og andre går med bøsser og samlar inn til Kirkens nødhjelp 7.-9. april. Denne fasteaksjonen kan gi reint vatn til 175.000 menneske kvart år. Ta vel i mot bøsseberarane.

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kyrkje	Tid	Informasjon	Preiketekst
24.02.2019	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste	Luk 9,28-36
24.02.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Høgmesse	Luk 9,28-36
24.02.2019	Vats kyrkje	17.00	Gudsteneste	Luk 9,28-36
03.03.2019	Bjoa kyrkje	11.00	Gudsteneste	Luk 18,31-34
03.03.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse	Luk 18,31-34
10.03.2019	Ølen kyrkje	11.00	Familielt./ Skattejaktgudsteneste, utdeling av bok til 1. klassingane.	Matt 26,36-45
10.03.2019	Imsland kyrkje	11.00	Familiemesse. Avslutning skattejakt.	Matt 26,36-45
10.03.2019	Skjold kyrkje	17.00	G 17 Gudsteneste	Matt 26,36-45
17.03.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Høgmesse	Luk 13,22-30
17.03.2019	Vikebygd kyrkje	11.00	Familiegudsteneste, Skattejakt	Luk 13,22-30
24.03.2019	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste, Årsmøte og Kyrjekaffi	Luk 1,39-45
24.03.2019	Skjold kyrkje	11.00	Familiegudsteneste, Skattejakt	Luk 1,39-45
24.03.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Familiemesse. Avslutning skattejakt.	Luk 1,39-45
31.03.2019	Imsland kyrkje	11.00	Høgmesse	Luk 22,28-34
31.03.2019	Vats kyrkje	11.00	Familiegudsteneste	Luk 22,28-34
31.03.2019	Bjoa kyrkje	17.00	Familielt./Skattejaktgudsteneste, 1. klassingar.	Luk 22,28-34
05.04.2019	Vats kyrkje	18.00	Samtalegudsteneste	Luk 22,28-34
07.04.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Familiemesse. Avslutning skattejakt.	Joh 6,24-36
07.04.2019	Skjold kyrkje	17.00	G 17 Gudsteneste	Joh 6,24-36
07.04.2019	Ølen kyrkje	18.00	Ung Messe - Samtaleg.m konfirmantane	Joh 6,24-36
14.04.2019	Fjellstøl Skianlegg	11.00	Gudsteneste. (Imsland sokneråd ansv. for det praktiske)	Joh 12,1-13
14.04.2019	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste	Joh 12,1-13
18.04.2019	Sandeid kyrkje	19.00	Høgmesse	Joh 13,1-17
18.04.2019	Vats kyrkje	19.00	Gudstjeneste	Joh 13,1-17
18.04.2019	Ølen kyrkje	19.00	Kveldsgudsteneste	Joh 13,1-17
19.04.2019	Skjold kyrkje	11.00	Gudstjeneste	Matt 26,30-27,50
19.04.2019	Bjoa kyrkje	11.00	Gudsteneste	Matt 26,30-27,50
19.04.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Gudstjeneste	Matt 26,30-27,50
21.04.2019	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste	Joh 20,1-10
21.04.2019	Vats kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste	Joh 20,1-10
21.04.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse	Joh 20,1-10
21.04.2019	Bjoa kyrkje	17.00	Gudsteneste	Joh 20,1-10
21.04.2019	Imsland kyrkje	18.00	Høgmesse	Joh 20,1-10
25.04.2019	Vikedal kyrkje	18.00	Samtalegudsteneste.	Joh 20,1-10
26.04.2019	Skjold kyrkje	18.00	Samtalegudsteneste	Joh 20,1-10
27.04.2019	Ølen kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste	Joh 20,1-10
28.04.2019	Ølen kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste	Joh 20,24-31
28.04.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste.	Joh 20,24-31
28.04.2019	Vats kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste	Joh 20,24-31

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døyppte	Døde
Bjoa		12.01.2019 Terje Askeland f. 1952 27.01.2019 Trygve Olav Svalland f. 1949
Imsland	25.12.2018 Ricards Jancevskis 25.12.2018 Johan Severin Holten Leifsen	10.12.2018 Sigvald Håkon Hustveit f. 1924
Ølen	30.12.2018 Klara Aisha Stautland 13.01.2019 Daniel Nedrelid 13.01.2019 Amund Naterstad Våge 20.01.2019 Mari Gjellestad 03.02.2019 Mari Mæland	29.12.2018 Elisabeth Helena (Lisa) Rødne f. 1923 06.01.2019 Selma Alvhill Langhelle f. 1931 28.01.2019 Ingebrigt Vaka f. 1923
Skjold	27.01.2019 Maria Mjølhus Frønsdal 27.01.2019 Leo Haraldsen Nåden	29.11.2018 Kirsten Ranveig Wathne f. 1953 16.12.2018 Lilly Solveig Ersland f. 1944 24.12.2018 Nikolai Haraldseid f. 1924 25.12.2018 Endre Ragnar Wannberg f. 1930 24.01.2019 Gudmund B. Haakull f. 1933 01.02.2019 Dagmar Johanne Tveit f. 1934
Sandeid		11.12.2018 Tordis Henriette Vestbø f. 1924 27.01.2019 Knut Aabø f. 1934
Vats	13.01.2019 Henrik Strand 13.01.2019 Halvard Lilleskog Eikeland 13.01.2019 Lisa Mathea Lundegård 03.02.2019 Lina Svantesvold	25.11.2018 Lars Arnold Hustoft f. 1929 02.12.2018 Lars Martin Hundseid f. 1992 22.12.2018 Henny Ohm f. 1926 02.01.2019 Valborg Olava Rørtveit f. 1925 07.01.2019 Anita Akselsen Frøland f. 1970
Vikedal		20.11.2018 Kåre Severin Torstenbø f. 1926 21.12.2018 Trond Matre f. 1958
Vikebygd	20.01.2019 Jørgen Martinussen Pedersen	28.01.2019 Bjarne Lunde f. 1935

Bedehusa i Vats

27.2.	onsdag	19:30	Øvre Vats: Muslimmisjon
6.3.	onsdag	19:30	Blikrabygda: Indre sjø
7.3.	torsdag	19:00	Øvre Vats: Bygdakveld med Leif Håland
13.3.	onsdag	19:30	Kårhus: Normisjon
17.3.	søndag	11:00	Kårhus: Endeleg søndag
20.3.	onsdag	19:30	Øvre Vats: Samemisjon
27.3.	onsdag	19:30	Blikrabygda: Muslimmisjon
30.3.	laurdag	13:00	Vårbasar Arken Gym.-salen
3.4.	onsdag	19:30	Kårhus: Samemisjonen
10.4.	onsdag	19:30	Øvre Vats: Indre sjø
14.4.	søndag	11:00	Kårhus: Endeleg søndag

Innbjoa bedehus

27.2.	onsdag	10:00	Bønnemøte
6.3.	onsdag	10:00	Bønnemøte
6.3.	onsdag	16:30	Barnekor (1 t)
6.3.	onsdag	17:30	Mini-Credo (1,5 t)
6.3.	onsdag	19:30	Årsmøte
13.3.	onsdag	10:00	Bønnemøte
20.3.	onsdag	10:00	Bønnemøte
20.3.	onsdag	16:30	Barnekor (1 t)
20.3.	onsdag	17:30	Mini-Credo (1,5 t)
20.3.	onsdag	19:30	Møte
21.3.	torsdag	10:30	Formiddagstreff (1,5 t)
27.3.	onsdag	10:00	Bønnemøte
3.4.	onsdag	10:00	Bønnemøte
3.4.	onsdag	16:30	Barnekor (1 t)
3.4.	onsdag	17:30	Mini-Credo (1,5 t)
3.4.	onsdag	19:30	Møte
10.4.	onsdag	10:00	Bønnemøte
11.4.	torsdag	10:30	Formiddagstreff (1,5 t)

Kyrkjetunet

21.02.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
21.02.	torsdag	19:00	Årsmøte
27.02.	onsdag	19:30	Bønemøte
28.02.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
01.03.	fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
06.03.	onsdag	19:00	Alpha-kurs
07.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
07.03.	torsdag	19:00	Fellesforum med Geir Gundersen
08.03.	fredag	19:30	Credo - ungdomskveld
13.03.	onsdag	19:30	Damenes Åften
14.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
15.03.	fredag	17:00	Barnekor
15.03.	fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
15.03.	fredag	19:30	Bønn og lovsang - Fellesskap på tvers
16.03.	lørdag	10:00	Vårdugnad
17.03.	søndag	19:30	Møte med IMS: Marit H Ådnanes
20.03.	onsdag	19:00	Alpha-kurs
21.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
23.03.	lørdag		Inspirasjonskveld Indre Sjømannsmisjon
24.03.	søndag	16:00	Showlt
27.03.	onsdag	19:30	Bønnemøte
28.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
29.-31.03.	fre-søn.		Møtehelg med Oddvar Søvik
29.03.	fredag	17:00	Barnekor
29.03.	fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
03.04.	onsdag	19:30	Bønemøte
04.04.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
04.04.	torsdag	19:30	Møte IMS
05.04.	fredag	19:30	Credo - ungdomskveld
05.04.	fredag	19:30	Møte IMS
06.04.	lørdag		Årsmøte NMS - Haugalandet
09.-12.04.	tir-fred	19:30	Møteveke med Martha og Edgar Paulsen
11.04.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
12.04.	fredag	17:00	Barnekor
12.04.	fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse

Vikebygd bedehus

21.2.	torsdag	19:30	Møte på bedehuset
9.3.	laurdag	16:00	Årsmøte og basar for bedehuset

Sjå elles plakater og www.vikebygd.org

Vågen bedehus - vaagenbedehus.no

27.2.	onsdag	19:30	Bønnemøte.
3.3.	søndag	11:00	Søndagsskule.
3.3.	søndag	19:30	Søndagsmøte, "Enig og tro".
5.3.	tirsdag	18:00	Yngres.
6.3.	onsdag	19:30	Bønnemøte.
10.3.	søndag	11:00	Søndagsmøte, NLM. Talar: Egil Skutlaberg
12.3.	tirsdag	17:30	Jentelaget og gutelaget.
13.3.	onsdag	19:30	Bønnemøte.
13.3.	onsdag	20:00	Laget Gneisten, NKSS.
15.3.	fredag	19:30	Møte, Samemisjonen.
17.3.	søndag	10:00	Søndagsskulefrokost.
17.3.	søndag	19:30	Søndagsmøte, Samemisjonen.
19.3.	tirsdag	18:00	Yngres.

20.3.	onsdag	19:30	Bønnemøte.
24.3.	søndag	11:00	Søndagsmøte. Talar: Håvard Brekkå
26.3.	tirsdag	17:30	Jentelaget og gutelaget.
27.3.	onsdag	19:30	Bønnemøte.
27.3.	onsdag	20:00	Laget Gneisten, NKSS.
30.3.	lørdag	15:00	Basar, IMS Kvinneforening.
31.3.	søndag	11:00	Søndagsskule.
2.4.	tirsdag	18:00	Gutelagsbasar, NLM.
3.4.	onsdag	19:30	Møte, IMS. Talar: Marit Stokken
4.4.	torsdag	19:30	Møte, IMS. Talar: Marit Stokken
5.4.	fredag	19:30	Møte, IMS. Talar: Marit Stokken
6.4.	lørdag	18:00	Generasjonssamling, IMS. Talar: Marit Stokken
7.4.	søndag	11:00	Søndagsmøte, IMS. Talar: Marit Stokken
10.4.	onsdag	19:30	Bønnemøte.
10.4.	onsdag	20:00	Laget Gneisten, NKSS.
14.4.	søndag	11:00	Søndagsskule.
14.4.	søndag	19:30	Søndagsmøte. Talar: Georg Kallevåg.

Kollekt til DISM.

Sandeid bedehus

25.02.	måndag	19:00	Bønnemøte
25.02.	måndag	19:30	Fellessamling
04.03.	måndag	19:00	Bønnemøte
11.03.	måndag	19:00	Bønnemøte
18.03.	måndag	19:00	Bønnemøte
25.03.	måndag	19:00	Sangkveld
08.04.	måndag	19:00	Bønnemøte
15.04.	måndag	19:00	Bønnemøte

Klubbkveldar i bedehuskjellaren i Vikedal

21.02.	torsdag	18 - 20	Klubbkveld 5. - 7. klasse, Ord for kvelden
22.02.	fredag	19 - 23	Klubbkveld 8. - 10. klasse
			Ord for kvelden: Harald Eintveit
07.03.	torsdag	18 - 20	Klubbkveld 5. - 7. klasse, Ord for kvelden
08.03.	fredag	19 - 23	Klubbkveld 8. - 10. klasse, Ord for kvelden
21.03.	torsdag	18 - 20	Klubbkveld 5. - 7. klasse, Ord for kvelden
22.03.	fredag	19 - 23	Klubbkveld 8. - 10. klasse
			Ord for kvelden: Harald Eintveit
04.04.	torsdag	18 - 20	Klubbkveld 5. - 7. klasse
			Ord for kvelden: Harald Eintveit
05.04.	fredag	19 - 23	Klubbkveld 8. - 10. klasse
			Ord for kvelden: Harald Eintveit

Bedehusa i Skjold

21.02.	torsdag	17:30	Kyrkja: Barnakor (45 min)
26.02.	tytdag		Austrheim: NMS Misjonsselskapet
28.02.	torsdag		Ersland: Bønemøte
04.03.	måndag	19:00	Ersland: Yngres
05.03.	tytdag		Isvik: Samemisjonen
07.03.	torsdag	19:00	Isvik: Basar - Årsmøte
10.03.	sundag	11:00	Skjold: Familiespeiding
12.03.	tytdag		Ersland: NLM Misjonssamband
14.03.	torsdag		Ersland: Bønemøte
14.03.	torsdag		Kyrkja: Vf. Soulchildren kveld
15.-17.3.	fredag-sundag		Gullingen: Familieweekend KRIK
18.03.	måndag	19:00	Ersland: Yngres
19.03.	tytdag		Austrheim: Samemisjonen
19.03.	tytdag		Austrheim: Årsmøte etter møtet
21.03.	torsdag	17:30	Kyrkja: Barnakor (45 min)
22.03.	fredag	18:30	Austrheim: Snøklokka basar
22.03.	fredag	18:30	Kyrkja: HFOF
23.03.	laurdag	12:00	Ersland: Misjonskaffe
26.03.	tytdag		Isvik: Normisjon
27.03.	onsdag	10:30	Kyrkja: Tripp-Trapp (1,5 t)
28.03.	torsdag		Ersland: Bønemøte
29.03.	fredag	18:00	Ersland: Yngresbasar
02.04.	tytdag		Ersland: Israelsmisjonen
04.04.	torsdag	17:30	Kyrkja: Barnakor (45 min)
06.04.	laurdag		Austrheim: Grautkaffe - Basar
09.04.	tytdag		Austrheim: Flymisjonen
11.04.	torsdag		Ersland: Bønemøte m/ nattverd

Torsdagstreff Kyrkjetunet i Ølen

kl. 11 – 13. Pris kr 60,-. 7. Febr.; 7. Mars; 4. April; 2. Mai; Evt. 6. Juni
Alle hjarteleg velkomne! Diakoniutvalet Ølen/ soknerådet i Ølen og Bjøa

Vats pensjonistlag

møte i Vindafjordhallen, kjellarstova kl. 17-19.30
26.febr. Besøk frå Fylkestyret i pensjonistlaget. Årsmøtesaker.
26.mars og 30.april. Mat, kaffi, åretrekking, opplesing. Kristian kjem med trekkspel. Alle er hjarteleg velkomne.

"60+ treff" i Skjold kyrkje våren 2019

Skjold sokneråd ved diakoniutvalet ønskjer velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen 3 torsdagar til våren: 28.febr, 28.mars og 25.april. kl.14.00 – kl.16.00. Her blir prat med kaffi og litt attåt.

5. klasseleiren



Vinterleir for 5.klassingane på Brandøy, «Vener for livet».

Av Britt Karstensen

Tradisjonen tru blei alle 5.klassingane i Vindafjord invitert med på Vinterleir på Brandøy siste helga

i januar. Me fekk læra meir om oss sjølve, om Gud, om Bibelen og om misjon. Jesus er både vår og heile verda sin beste ven. Ekstra stas var det sjølvstekt å få boltra seg i snøen

i alle dei flotte bakkane på Brandøy-ein super plass å få seg vener for livet! Fleire glimt frå leiren finn de på Facebook: «Trusopplæring Vindafjord».

Anne Lise Ådnøy ny biskop i Stavanger

Tekst frå kirken.no/stavanger

På Kirkerådet sitt møte i Stavanger 24.-25. januar vart domprost Anne Lise Ådnøy tilsett som ny biskop i Stavanger bispedømme. Ho tek over etter Ivar Braut som hadde si avskilsgudsteneste i Stavanger domkirke søndag 3. oktober i fjor.

Kirkerådet hadde valet mellom dei tre kandidatane som hadde størst oppslutnad i den rådgjevande kyrkjelege avstemminga sist haust: Helge S. Gaard (prost i Karmøy), Anne Lise Ådnøy (domprost i Stavanger) og Haakon Kessel (sokneprest i Ræge). Åtte av Kirkerådet sine fjorten med-

lemer gjekk inn for Anne Lise Ådnøy som dermed er tilsett som biskop i Stavanger. Seks av rådet sine medlemmer ynskte Helge S. Gaard som ny biskop.

- Vi gratulerer Anne Lise Ådnøy som ny biskop i Stavanger bispedømme, og vi gratulerer bispedømmet og Den norske kyrkja. Vi har fått ein biskop med gode, brubyggjande evner og som er kjend for si gode forkynning, seier leiaren i Kirkerådet, Kristin Gunleiksrud Raaum.

- Eg er glad for tilliten Kirkerådet har gitt meg ved å tilsetja meg som biskop. Eg vil jobba for ei meir open kyrkje med Jesus i sentrum, seier Anne Lise Ådnøy.



Biskop Anne Lise Ådnøy.
Foto: Eva Birkeland

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS 22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 11. april.
Frist for levering av stoff er
16. mars.